

Spørsmål til ordføraren i formannskapsmøte den 30.1.20

Frå Raudt og SV i Sunnfjord kommunestyre

**Om feilinformasjon og eit ulovleg mineralråd**

**Bakgrunn:** Sunnfjord formannskap valde i sak (024/19) medlem i eit mineralråd som etter opplysningar i saka, var oppretta av fylkestinget i Sogn og Fjordane. Dette må, etter vi kan sjå, vere direkte feilinformasjon. Fylkestinget i Sogn og Fjordane har ikkje oppretta mineralråd, men har vedteke å delta, og valt eit medlem slik Sunnfjord formannskap har gjort.

Mineralrådet skal, etter eige reglement, vere oppretta som eit fast utval etter paragraf 5-1 i kommunelova, og er såleis eit folkevald organ. Slike utval er det, i følgje kommunelova, kommunestyre eller fylkesting som skal opprette og velje medlemmer og leiar i.

Mineralrådet det her er tale om, er ikkje oppretta av kommunestyre eller fylkesting. Kven som har oppretta rådet og valt medlemmer har det vore vanskeleg å finne ut av. Men vi har fått opplyst av sakshandsamar i tidlegare Naustdal kommune at det er gjort av dei. Men ikkje av kommunestyret. Det er heller ikkje klart kven som har vedteke reglementet. Eller reglementa. For vi har funne to versjonar, ein versjon som var lagt fram i saka i Sunnfjord formannskap, og eit anna som låg ved då fylkesutvalet i Sogn og Fjordane oppnemnde medlem i desember 2019. Det same reglementet ligg ved protokoll frå skipingsmøte den 28.11.

Så langt vi kan sjå er opprettinga av mineralrådet og val av medlemmer i strid med kommunelova. Det vil såleis vere eit ulovleg utval.

**Spørsmål:** På vegne av SV og Raudt i Sunnfjord kommunestyre ber eg ordføraren orientere formannskapet om opprettinga av mineralrådet, og svare på om opprettinga og val av medlemmer er i tråd med kommunelova.

26.1.20

Åsmund Berthelsen